# Notat

| | |
|---|---|
| Går til: | Styremedlemmer |
| Selskap: | Helse Vest RHF |
| Dato skriven: | 17.03.2009 |
| Frå: | Administrerande direktør Herlof Nilssen |
| Sakshandsamar: | Ivar Eriksen |
| Saka gjeld: | **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 14.02.09 - 16.03.09** |

**Styresak 033/09 O** **Styremøte 01.04. 2009**
**Administrerande direktør si orientering pkt 8**

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.
Oversikten inneheld
- nye saker tilsendt i perioden 14.02.09 – 16.03.09
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

**Del 1**

| Tilsynsmyndigheit | Dato for brev | Kva saka gjeld | Kommentarar/status |
|---|---|---|---|
| **Riksrevisjonen** | 09.01.09 | Riksrevisjonen viser til Helse Vest si avtale med rekrutteringsselskapet Paragona inngått utan føregåande kunngjering 30.04. 2007 og ber om at det blir gjort greie for kvifor avtalen ikkje blei konkurranseutsett, kva undersøkingar som blei gjort av leverandørmarknaden og kva som er kontraktsverdi og faktiske kostnadar per 31.12. 2008. | Svarfrist var sett til 29.01.09, men er forlenga til 20.02.09.<br><br>Svar sendt 20.02.09. Kopi av svarbrev blei utdelt i styremøte 04.03.09. |
| | 12.02.09 | Oppfølging og kvalitet i private institusjonar innan rusomsorg.<br><br>Riksrevisjonen ber om møte med representantar frå Helse Vest. Møtet vil omhandle avtaleforholdet mellom Helse Vest og private innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling. | Møtet er gjennomført 04.03.09. |
| | 13.03.09 | Riksrevisjonen viser til rapport av mars 2008 frå internrevisjonen i Helse Vest, styresak 70/08 og artikkelserie i Bergens Tidende våren 2008 og til Riksrevisjonen sin rapportering i Dokument nr. 1 (2007-2008) om rutinar for | Svarfrist: 3. april 2009. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | oppfølging av tilsette sine bierverv.<br><br>Det blir bedt om at Helse Vest gjør greie for<br>- kva Helse Vest/Helse Bergen har gjort for å forsikre seg om at dei bierverv dei tilsette i helseføretaket har, ikkje kjem i konflikt med kravet om ikkje å vere engasjert i konkurrerande verksemd/verksemd som leverar varer eller tenester til helseføretaket<br>- Helse Vest sin oppfølging av internrevisjonen sin rapport<br>- Om Helse Vest har utvikla ein ny felles rettleiar for biervervsområdet<br><br>I tillegg blir det bedt om ein oversikt over tal tilsette i Helse Vest RHF med underliggande helseføretak som har bierverv i konkurrerande verksemd/verksemd som leverar varer eller tenester til helseføretaka. | |
| | | | |
| **Statens helsetilsyn** | 27.02.09 | Oversending av oppsummeringsrapport frå landsomfattande tilsyn med spesialisthelsetenesta ved distriktspsykiatriske sentre (DPS) til vaksne med psykiske lidingar – 2008/2009. | |
| | 02.03.09 | Oversending av Tilsynsmelding 2008. Tilsynsmeldinga er ein årleg publikasjon der Helsetilsynet prøver å kome nærare inn på sider ved sosial- og helsetenesta som fortener offentleg merksemd og debatt. | |
| | 05.03.09 | Oversending av rapport frå landsomfattande tilsyn med kommunale tenester til utsette born. | |
| | | | |
| **Arbeidstilsynet** | Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden. | | |
| | | | |
| **Datatilsynet** | 05.03.09 | I 2008 gjennomførte Datatilsynet kontroll med behandling av personopplysingar i Nasjonalt Informasjonssystem for pasienttransport – NISSY. Tilsynet gjennomførte i den samanheng tilsyn hos Norsk Helsenett og Ullevål Universitetssjukehus HF. Med bakgrunn i kontrollen, den påfølgande sakshandsaminga, møte med Helse- og omsorgsdepartementet og Helse Dør-Aust RHF har Datatilsynet konkludert med at<br>- det er dei regionale helseføretaka som er databehandlingsansvarlege etter helseregisterlova for den aktuelle behandlinga<br>- Datatilsynet har kompetanse etter helseregisterlova § 5 til å gi konsesjon til behandlinga<br>- behandlinga er konsesjonspliktig etter helseregisterlova § 5, jf personopplysingslova § 33 | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Brevet er eit varsel om følgjande vedtak:<br>*"Det regionale helseforetaket skal snarest, og senest innen 15. mai 2009, fremme søknad om konsesjon for behandling av personopplysninger i Nasjonalt Informasjonssystem for pasienttransport – NISSY".*<br><br>Vedtaket vil bli gjort 2. april 2009 dersom ikkje føretaket innan nemnde dato har oversendt si konsesjonssøknad, eller bekrefta å ha avslutta behandlinga. | |
| | | | |
| **Klagenemnda for offentlige anskaffingar** | Helse Vest RHF har ingen saker til behandling for klagenemnda. | | |
| | | | |
| **Sivilombudsm.** | Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden. | | |

**Del 2**

| Tilsynsmyndigheit | Dato for brev | Kva saka gjeld | Kommentarar/status |
|---|---|---|---|
| **Riksrevisjonen** | Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden. | | |
| | | | |
| **Statens helsetilsyn** | 14.01.08<br><br><br>26.05.08 | Varsel om tilsyn med Frelsesarmeens Behandlingssenter, avd Heskestad 12.03.08. Tilsynet omfattar inntak, utgreiing, behandling og utskriving av pasientar.<br><br>Oversending av rapport. Ved tilsynet blei det funne to avvik:<br>- institusjonen sikrar ikkje at pasientane alltid får forsvarleg utgreiing og behandling<br>- alle journalopplysingar blir ikkje samla i pasientjournalen<br><br>Helse Vest har 22.10.08 bedt Helsetilsynet i Rogaland om opplysingar om status i saka. I munnleg tilbakemelding til Helse Vest har Helsetilsynet orientert om at avvika ikkje er lukka, og at det etter avtale med institusjonen er planlagd eit besøk ved institusjonen i mars 2009 for | |
| | 31.03.08<br><br><br>03.09.08 | Melding om tilsyn med Sandnes DPS, Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger 3.-4. juni 2008.<br><br>Oversending av rapport. Formålet med tilsynet var å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik:<br>- Sandnes DPS har ikkje sørgt for tilstrekkeleg kompetanse i form av legeressursar<br>- Sandnes DPS har ikkje sørgt for at journalane er ført jamleg og inneheld relevante og nødvendige opplysingar<br><br>Helse Stavanger er gitt frist til 15. oktober 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika.<br><br>Administrerande direktør i Helse Stavanger rapporterar i notat til styret i Helse Stavanger HF datert 13.10.08 at Sandnes DPS har gitt tilbakemelding til Helsetilsynet om arbeidet med å lukke avvika.<br><br>Helsetilsynet har lukka avvik nr 2. Med omsyn til legeressursar | |

| | | |
|---|---|---|
| | | har Helsetilsynet bedt om en ny tilbakemelding frå Helse Stavanger innan april 2009 for å kunne vurdere om tiltaka verker. |
| | 20.08.08 | Oversending av rapport frå tilsyn med Betanien distriktspsykiatriske senter 18. – 19. juni 2008. Formålet med tilsynet var å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Det blei påpeikt to avvik frå helselovgjevinga under tilsynet:<br>- Betanien DPS avviser nokre tilvisingar som ikkje inneheld tilstrekkelege opplysingar til å kunne vurdere om pasienten har rett til nødvendig helsehjelp<br>- Alle nødvendige opplysingar og vurderingar er ikkje alltid førde i pasientjournal<br><br>Betanien er gitt frist til 1. oktober 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika.<br><br>Helse Vest har sendt førespurnad om status i saka. |
| | 03.10.08<br><br><br><br><br>23.01.09 | Jæren DPS, Kløver 1. Melding om tilsyn med behandling av legemiddel utan eige samtykke onsdag 10.12.08. Tilsynet vil omfatte korleis verksemda sikrar ein forsvarleg behandling med legemiddel utan eige samtykke.<br><br>Oversending av rapport. Ved tilsynet blei det påpeika 4 avvik:<br>- Jæren DPS sikrar ikkje at vedtak om behandling med legemidlar utan eige samtykke alltid blir gjort og utforma i samsvar med regleverket<br>- Jæren DPS sikrar ikkje at pasientane sine pårørande blir skriftleg meddelt om vedtaket<br>- Jæren DPS sikrar ikkje at protokollen er tilfredsstillande ført<br>- Jæren DPS sikrar ikkje at leger som gjer vedtak har tilfredsstillande kunnskap i helselovgjevinga med særleg vekt på psykisk helsevernlov<br><br>Jæren DPS er gitt frist til 1. april 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika. |
| | 03.10.08<br><br><br><br><br>26.01.09 | Helse Stavanger HF, Psykiatrisk divisjon, A2. Melding om tilsyn med behandling av legemiddel utan eige samtykke fredag 12.12.08. Tilsynet vil omfatte korleis verksemda sikrar ein forsvarleg behandling med legemiddel utan eige samtykke.<br><br>Oversending av rapport. Ved tilsynet blei det påpeika 2 avvik:<br>- SUS sikrar ikkje at pasientane sine pårørande blir skriftleg med delt om vedtak<br>- SUS sikrar ikkje at protokollane er tilfredsstillande ført<br><br>Helse Stavanger er gitt frist til 1. april 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika. |
| | 15.10.08 | Oversending av rapport frå tilsyn ved Åstveit Helsesenter 22. – 23. september 2008. Tilsynet omfatta følgjande tema; vurdering og prioritering av nye pasientar, inntak og behandling, samarbeid med kommunale tenester i samband med utskriving og journalføring. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik frå krav i helselovgjevinga<br>• Ein har ikkje sørgja for at tilsette har nødvendig kunnskap om krav i pasientrettslova og kva praktiske konsekvensar desse krava har for vurdering av |

| | | |
|---|---|---|
| | | tilvisingar.<br>• Ein har ikkje rutinar for at det blir gjort medisinskfaglege vurderingar av alle pasientar ved innkomst og utskriving. Det er ikkje etablert rutine for å sende epikrise til fastlege.<br><br>Åstveit er gitt frist til 31. desember 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.<br><br>Helse Vest har sendt førespurnad om status i saka. |
| | 15.11.08<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>23.01.09<br><br><br><br><br>03.03.09 | Oversending av rapport frå tilsyn ved Hagahaugen Rehabiliteringssenter 21. oktober 2008. Ved tilsynet blei det påpeika eit avvik frå krav i helselovgjevinga:<br>• Hagahaugen har ikkje rutinar for at det blir gjort medisinsk faglege vurderingar av alle pasientar ved innkomst og utskriving.<br><br>Hagahaugen er gitt frist til 1. februar 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.<br><br>Svarbrev frå Hagahaugen. Institusjonen arbeider med å auke legedekninga. Uttalt at ein vil gå i dialog med Helse Vest for å få tilført meir ressursar som kan dekke auke i legestilling til 80 %.<br><br>Helsetilsynet ber om å få opplyst kva tiltak som blir set i verk for å rette avviket med eksisterande ressursar og kva tid verksemda vil evaluere korleis desse tiltaka fungerar. Svarfrist er sett til 1. april 2009. |
| | 27.11.08<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>29.01.09<br><br><br><br>03.03.09 | Oversending av rapport frå tilsyn ved Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter 29. oktober 2008. Ved tilsynet blei det påpeika to avvik frå krav i helselovgjevinga:<br>• Ravneberghaugen har ikkje rutinar for at det blir gjort medisinsk faglege vurderingar av alle pasientar ved innkomst og utskriving. Det er ikkje etablert rutinar for å sende epikrise til fastlege.<br>• Ravneberghaugen har ikkje ein samla journal med relevante og nødvendige opplysingar for kvar einskild pasient.<br><br>Ravneberghaugen er gitt frist til 1. februar 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.<br><br>Svarbrev frå Ravneberghaugen. Uttalt at om dei skulle fullt ut imøtekomme dei krav som er stilt, er institusjonen avhengig av å få tilført meir ressursar.<br><br>Med omsyn til avvik nr 1 tek Helsetilsynet til orientering at verksemda frå 1. mars 2009 vil sende opplysingar til fastlegen. Når det gjeld avvik nr 2, ber Helsetilsynet om at nye rutinar blir gjennomgått og evaluert innan 15. mai 2009 og at resultatet av evaluering blir oversendt Helsetilsynet innan 1. juni. |
| | 26.01.09 | Oversending av rapport om tilsynsbesøk på Stavanger Universitetssjukehus 16.01. 2009. Korridorpasientar.<br><br>Helse Stavanger er gitt frist på tre veker med å melde tilbake kva tiltak som blir sett i verk for å redusere risikoen for at |

| | | |
|---|---|---|
| | 10.03.09 | uønska hendingar.<br><br>I brev uttrykker Helsetilsynet at dei framleis er bekynra for situasjonen, og at dei i 2009 vil halde fram med ein tett oppfølging av problema knytt til overbelegg og korridorpasientar ved SUS.<br><br>Tilsynet ber om<br>- månadlege rapportar når det gjeld overbelegg, korridorpasientar og uteliggere<br>- kvartalsoversikter over ferdigbehandla pasientar og kommunetilhøyring<br>- melding om forbetrande tiltak etter kvart som desse blir sett i verk og vurdering av effekten av desse |
| | 25.02.09 | Melding om tilsyn med Sola DPS 20.-21. april 2009. Tilsynet omfattar rutinar og tiltak for å sikre forsvarleg pasientbehandling i samband med<br>- vurdering og prioritering av nye pasientar<br>- utgreiing<br>- behandling og oppfølging |
| | 26.02.09 | Melding om tilsyn med Ryfylke DPS 22.-23. april 2009. Tilsynet omfattar rutinar og tiltak for å sikre forsvarleg pasientbehandling i samband med<br>- vurdering og prioritering av nye pasientar<br>- utgreiing<br>- behandling og oppfølging |
| | | |
| **Arbeidstilsynet** | 27.06.08<br><br><br><br><br><br><br><br><br>12.12.08<br><br><br><br><br><br>18.02.09 | Melding om tilsyn i Helse Fonna HF. Vidareføring av God vakt! i 2008. God vakt! er eit nasjonalt prosjekt retta mot helseføretaka. Prosjektet starta i 2004, og tilsyna blei gjennomført i løpet av 2005 og 2006. Alle helseføretak som då blei ført tilsyn med vil få oppfølgingstilsyn i 2008.<br><br>Tilsynet i Helse Fonna vil finne stad i perioden 02.10. – 01.12.08.<br><br>Oversending av tilsynsrapport og varsel om pålegg. Det er registrert at Helse Fonna har vist stor vilje og lagt ned stor innsats for å få til eit levande HMS-system, men det er avdekka nokre manglar som medfører 2 merknadar og varsle om 2 pålegg.<br><br>Vedtak om pålegg. Det må sørgjast for at det systematiske HMS-arbeidet blir etterspurd i linja og at HMS-rapporteringa skjer regelmessig. Frist for gjennomføring er sett til 1. juni 2009. |
| | 17.12.08<br><br><br><br><br><br><br>23.02.09 | Helse Bergen HF. Oversending av tilsynsrapport og varsel om pålegg. Arbeidstilsynet har avdekka fleire forbetringsområde og nokre av desse kjem i form av merknadar/avvik. Sjølv om ikkje alle forbetringsområda blir gitt som pålegg bør Helse Bergen fokusere også på desse. Det blir varsla 2 pålegg og ein merknad.<br><br>Vedtak om pålegg. Verksemda må praktisk legge til rette for medverknad og samarbeid i organisasjonen. Frist for gjennomføring er sett til 1. mai 2009.<br><br>Helse Bergen må også sørgje for at melding om og handtering |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | av avvik i organisasjonen fungerar tilfredsstillande. Det må sikrast at linjeleiinga og tilsette har nødvendig kunnskap om arbeidsmiljøarbeidet og avvikssystemet, og at dei har tilgong til dette. Vidare at avvikssystemet blir nytta og at handlingsplanar på bakgrunn av vernerundar, avvik og arbeidsmiljøkartleggingar munnar ut i konkrete tiltak og blir lukka. Dette må bli gjort saman med dei tilsette. Frist for gjennomføring er sett til 1. mai 2009. | |
| | | | |
| **Datatilsynet** | | Det er ikkje registrert nye saker i perioden. | |
| | | | |
| **Statens strålevern** | | Det er ikkje registrert nye saker i perioden. | |
| | | | |
| **Klagenemnda for offentlige anskaffingar** | 19.09.08 | Helse Bergen HF. Saka gjeld konkurranse med forhandling for kjøp av pasientterminal-løysing. Klager er Solution Partner AS. | Avgjerd føreligg ikkje. |
| | 13.11.08 | Helse Stavanger Hf. Saka gjeld ein open anbodskonkurranse for kjøp av tenester knytt til behandlingshjelpemidlar. Klager hevder at oppdragsgivar sin tilbodsevaluering er mangelfull på ein rekkje punkt. Vidare blir det hevda at oppdragsgivar sin klagebehandling og nærare grunngjeving ikkje tilfredsstillar krava i regelverket. | Avgjerd føreligg ikkje. |
| | | | |
| **Sivilombudsmannen** | Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden. | | |